



HANDLINGSPLAN FOR BRYNE KUNSTFORENING 2022 – 2023

Bryne kunstforening (BKF) har til føremål å fremja interesse for visuell kunst gjennom utstillingar, ulike arrangement og prosjekt. BKF skal vera ein aktiv og kvalitetsorientert aktør på kunstfeltet og søka samarbeid med aktørar som arbeider med andre kunstnarlege uttrykk. I 2022-23 skal me vidareutvikla arbeidet med kunstnarleg råd for styrking av BKF's kunstnarleg profil.

Kunstforeininga skal primært stilla ut arbeid av profesjonelle kunstnarar som møter eit eller fleire av følgjande kriterier:

- Kunstfagleg utdanning på bachelor-nivå eller høgare
- Delteke i anerkjent juriert utstilling
- Medlem av kunstnarorganisasjon som har kunstfaglige opptakskriterier

Kunstnarane kan hentast frå heile verda, men det er eit mål å visa utstillingar av lokale og regionale kunstnarar kvart år. BKF sin utstillingsprofil skal spegla mangfald innan teknikkar og uttrykk. Det er eit mål å visa arbeid av unge kunstnarar og nye uttrykksformer, kunst som fangar nye trendar, er samfunnsaktuell og skaper debatt.

Deler av utstillingsprogrammet skal fastleggast i god tid slik at kunstnarane kan laga verk og utstillingsopplegg spesielt for BKF's galleri eller andre visningsstader BKF ønskjer å ta i bruk.

BKF har eit ønske om å nå betre ut til yngre vaksne, dette skal gjenspeglast i utstillings- og arrangementsprogrammet.

BKF skal tenkja økonomi i utstillingsprogrammet, om kunsten er salbar er eit kriterium i tillegg til dei kunstfaglege. Også arrangement skal ein forsøka å forma slik at dei kan gje inntekter til foreininga. Foreininga vil arbeida aktivt for å søka lokal og nasjonal økonomisk støtte til utstillingar og andre prosjekt.

Styret i BKF har som mål å halda seg oppdatert på det som rører seg innan kunstfeltet og fortløpande oppdatera sin kunstfaglege kompetanse.

BKF skal vera medlem i Norske kunstforeningar og Rogaland fylkeskunstlag.

Aktuelle oppgåver 2022-23

- BKF 2030. Arbeida systematisk med framtidsretta utvikling av kunstnarleg profil og organisasjonsform. Finansiering av ei deltidsstilling kan vera ein del av dette
- Fastsetja og utstillings- og arrangementsprogram og gjennomføra det saman med ressursgruppa. Vekt på langsiktig planlegging og utstillingar
- Drifta kunstnarleg råd, sikra godt underlag for prosessen med val av kunstnarar og utstillingstema
- Innarbeida betre rutinar for jevnleg og systematisk kontakt med lokale kunstnarar for å diskutera mogleg samarbeid på kort og lang sikt
- Utvikla eit meir effektivt opplegg for søknadar frå kunstnarar om utstilling i BKF, vurderer søknadsfristar og eventuelt bruk av open call
- Styrka kommunikasjon og marknadsføring på digitale plattformer
- Arbeida vidare for å etablera kjernesamling etter kriterier vedtekne av årsmøtet 2021. Ha jevnleg og systematisk kontakt med lokale kunstnarar for å diskutera mogleg samarbeid på kort og lang sikt
- Arbeida for ei meir aktiv forvaltning av samlinga. Retningslinjer vedtekne av årsmøtet 2021 skal liggja til grunn for dette arbeidet
- Ha jevnleg og systematisk kontakt med lokale kunstnarar for å diskutera mogleg samarbeid på kort og lang sikt

Utstillingar og arrangement 2022 og vidare

Følgjande utstillingsprogram er vedteke av styret. Utstillingsprogrammet er i hovudsak basert på forslag frå kunstnarleg råd.

- 28.05 - 19.06.2022 - Turid Steinsland Av jord II, tekstil
- 17.9 - 9.10 2023 Ingvar Moi, teikning
ingvarmoi.no
- 29.10 - 20.11 2022 Damian Vega, tresnittteikning
damian-vega.com
- 27.1- 19.2 2023 Garborgdagane / Natasja Askelund, maleri?
natasjaaskelund.com
- 18.3 - 16.4.2023 – Kirsten Opstad – Maleri, objekter
kirstenopstad.no
- 20.5 - 11.6.2023 Tanngard - Siri Borge, mixed media
siriborge.com
- 19.8 - 9.9 2023 Mari Kolbeinson, skulptur
marikolbeinson.com
- Okt/nov 2023 Anita Tjemsland, trykk, tegning
anitatjemsland.com

- Nov /des 2023 Auksjon frå samlinga, ev frå inviterte lokale kunstnarar.
- Jan/feb 2024 Garborgdagane/Trond Hugo Haugen og Kine Lillestrøm – fleire?
trondhugo.no -kinelillestrom.com

Styret vil arbeida for å få til andre arrangement enn dei som er lista her.

Handlingsplanen vart vedteken av årsmøtet 19.4.2022